



Systrene Nilsen arbeider aktivt for å førebyggja brann, sleg branningeniør Atle Josdal fast i den siste tilsynsrapporten. Han viser til at eigaren latar til å være svært oppteken av tryggleiken i og omkring bygget. Til dømes er det planar om å gjera ei risikovurdering ilag med eigarar av området rundt bygget inklusive båthamna for å avdekka risikomoment for bygget og området. Dette visar at dei jobbar med å gjera tryggleiken i området best mogeleg.

Brannvernleiar Geir Harald Nilsen opplyste at det føreligg rutinar som skal sikra at rømningsdører vert låst opp når bygget er i bruk.

Brannvernet anbefaler at dei vert utstyrt med beslag som sikrar at dei kan opnast utan bruk av nøkkel. Dette er viktig sidan bygget leigast ut utan at det er dørvakt.

Brannvernleiaren bør lage eit oversyn over branntekniske installasjonar og utstyr som det skal utførast eigenkontroll på.

Det føreligg brannteikningar, men dei er mangelfulle.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen